Døme på tema for forvaltningsrevisjon i selskap inkluderer måloppnåing, offentlege anskaffingar, habilitet, etikk og samfunnsansvar, arbeidsmiljø og økonomisk drift. Krava til forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet dei same, uavhengig av om revisjonen vert utført i kommunen eller i eit selskap.

Når kommunen organiserer verksemda gjennom selskap, påverkar dette likevel moglegheitene for styring, innsyn og kontroll. Kontrollutvalet må derfor ta omsyn til spesifikke forhold ved forvaltningsrevisjon med selskap. Dette inkluderer eigne reglar for kontrollutvalets rett til innsyn i selskapet. Det kan også vere nødvendig å samordne kontrollen dersom fleire kommunar eig selskapet saman.

1.5 EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll handlar om å sjekke om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i tråd med lover, forskrifter, vedtak frå kommunestyret og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det er eit skilje mellom eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet. Praxis syner likevel at det er ein glidande overgang mellom desse to hovudkategoriane, og at det i enkelte tilfelle kan vere vanskeleg å skilje dei. Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er to ulike former for kontroll, og er regulerte i kvar sine paragrafar i kommunelova. Av den grunn blir områda omtalte i eigne kapittel.

1.6 METODE

Kva har vi gjort?

Vi har arbeidd med å identifisere dei områda i kommunen som har størst risiko for feil og manglar. Dette kallar vi ein risiko- og vesentlegvurdering.

Korleis har vi gjort det?

1. Vi har studert lover og rettleiingar. Vi har undersøkt kva lovgjevinga seier om risiko- og vesentlegvurdering, rettleiaren til NKRF for risiko- og vesentlegvurdering og andre gjennomførte vurderingar.

Vi har brukt kommunelova som utgangspunkt. Kommunelova definerer kva kommunen skal vere og gjere. Difor har vi nytta lova til å inndeleg kommunen sin verksemd i ulike område. Kommunen skal tilby tenester og drive samfunnsutvikling til beste for innbyggjarane, utøve offentleg myndigheit og bidra til ein effektiv, tillitsskapande og berekraftig forvaltning.

Basert på kommunen sine ansvarsområde etter kommunelova har vi delt risiko- og vesentlegvurderinga inn i fire hovudområde:


- Berekraft og samfunnsutvikling
- Lokaldemokrati
- Tillitsskapande forvaltning
- Tenesteyting og myndigheitsutøving

1. Vi har identifisert vesentlege risikoar for kommunane. Kva utfordringar møter kommunar generelt sett, korleis utviklar samfunnet seg, kva føresetnader har kommunane, kva må dei ta omsyn til, kva pålegg har dei, kva forventningar har dei til sittande politisk leiding, og kva er dei generelle risikoane i dagens samfunn? For å finne svar på dette har vi henta informasjon frå kjelder som Kommunanes Sentralforbund, Økokrim, Helsedirektoratet, Politiets sikkerheitsteneste og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Vi har valt ut tema som vi meiner er vesentlege og utgjør ein risiko for alle kommunar. Innan kvart tema har vi identifisert moglege risikofaktorar som òg gjeld for alle kommunar.

Desse er valde ut med bakgrunn i regelverk, element i internkontroll, andre risiko- og vesentleganalysar, forventningar frå Statsforvaltaren og vår eigen kunnskap på området. Risikofaktorane kan òg sjåast i samanheng med områda ein forvaltningsrevisjon kan rettast mot, som er økonomi, produktivitet, regeloverhaldning, måloppnåing og verknader.

2. Vi har vurdert risikoen i kommunen. Basert på informasjon vi har samla inn om kommunen, vurderer vi kva risikofaktorar som ser ut til å vere mest relevante for kommunen. Vi vurderer om risikoen er låg, middels eller høg. Risiko blir delt inn i sannsyn for at hendinga inntreff og konsekvensar om hendinga inntreff. Dette rangerer vi òg som låg, middels eller høg, og endar opp med ei vurdering av risiko. Dersom risikoen er høg eller middels, kjem vi med forslag til mogelege tema for forvaltningsrevisjon.
3. Høyring av risiko- og vesentlegvurderinga til ordførar og kommunedirektør. Vi tek omsyn til innspel som kjem, og eventuelt justerer informasjon og vurderingar. Etter at steg fire er ferdig, sender vi risiko- og vesentlegvurderinga over til kontrollutvalet.
4. Kontrollutvalet bør i steg fem vurdere kva risikoområde som er mest aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll. Basert på den vurderinga, utarbeider kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll

Tabell: En visuell fremstilling av korleis arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga er løst i ulike steg (MRR SA).



Vi summerer opp vår vurdering i følgande risikotabell:

Risiko-faktor	Grunngjeving for nivå av sannsyn	Grunngjeving for nivå på konsekvens	Sannsyn	Konsekvens	Risiko nivå
Aktuelle risiko-faktorar	Kort skildring	Kort skildring	Høg	Høg	
			Middels	Middels	
			Låg	Låg	

Risikofaktorane er dei eller den mest relevante for kommunen.

Grunngjevinga for nivå av sannsyn: Korte skildringar av kva kommunen gjer (eller ikkje gjer) for å redusere risiko.

Grunngjevinga for konsekvensnivået: Kan sjåast frå ulike perspektiv og skildrar konsekvensane om risikofaktoren skulle inntreffe.

Sannsyn: Vår vurdering av om det er lågt, middels eller høgt sannsyn for at vald risikofaktor inntreff.

Konsekvens: Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg konsekvens om vald risikofaktor inntreff.

Risikonivået: Vår vurdering av om det er låg, middels eller høg risiko.

Vår vurdering av risiko- og vesentlegheit fører til forslag til tema for forvaltningsrevisjon og eigarkontroll der det er aktuelt.

INFORMASJONGRUNNLAG OM KOMMUNEN

For å skaffe informasjon om risikoområde i kommunen, har vi nytta informasjon frå ei rekkje kjelder:

- Dialog med kontrollutvalet 2019-2023 og kontrollutvalet 2023-2027
- Oppstartmøte med kommunedirektør, ordførar og kommunalsjef
- Spørjeundersøking til politikarar og administrasjonen i kommunen
- Intervju med fagleiar på økonomi og innkjøpsfagleg rådgjevar
- Intervju med HR-leiar og personalrådgjevar
- Faktasjekk med kommunen
- Kommunens planar, mellom anna.:
 - Kommuneplanens samfunnsdel
 - Handlingsplan for folkehelse
 - Beredskapsplan
 - Budsjett og økonomiplan
- Rapporteringar
- Kommunens eigarskapsmelding
- Kommunebarometeret for 2023
- Statsforvaltaren sin tilsynskalender
- Tilsyn på barnevern, Statsforvaltaren
- Forenkla etterlevingskontrollar 2019-2022
- Revisjonens erfaring/kunnskap om kommunen frå tidlegare revisjonar

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant leiarar og politikarar i kommunen. Blant leiarane var det 60 % svar (til saman 3 personar), og blant politikarane var det 25 % svar (til saman 2 personar). Utvalet er ikkje representativt, og svara frå undersøkinga blir nytta som eit supplement til informasjon vi innhentar frå fleire kjelder. Vi har hatt dialog med oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Rapporten er sendt på faktasjekk til kommunen og ordførar, og vi har teke med innspel og tilbakemeldingar frå desse.

AVGRENSNINGAR

Risiko- og vesentlegvurderinga er gjort på eit overordna nivå. Omfanget er avgrensa ut frå kva som er føremålet med analysen, det vil seie å identifisere kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysen er vidare avgrensa av ressursar vi har hatt til rådvelde. Vi påpeikar at risiko- og vesentlegvurderinga er gjort med kvalifisert skjønn, og skal ikkje tolkast som eksakt vitskap.

BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON

Vi har valt å halde vurderinga på eit overordna nivå. Når ein forvaltningsrevisjon skal bestillast av kontrollutvalet, er det naturleg at detaljeringsgraden innan det valde området blir skjerpa. Her ser vi føre oss at risikofaktorane kan vera til god nytte.

1.7 OPPBYGGING AV RAPPORTEN - LESARETTLEIING

I kapittel blir det gitt ein oversikt over kommunen si organisering, økonomi, mål, resultat frå Kommunebarometeret, interkommunale samarbeid og eigarskap.

Kapittel tre består av risiko- og vesentlegsvurderinga for forvaltningsrevisjon. Vurderinga er delt inn i fire hovudområde. Innan kvart hovudområde kan det være fleire underområder. Kvart underområde vil være bygd opp på same måte:

1. Kort innleiing om temaet, kvifor området er vesentleg og kva som er moglege risikoar. Dette gjeld for alle kommunar.
2. Liste over moglege risikofaktorar innan området. Gjeld òg for alle kommunar.
3. Data om Sula kommune og eventuelle risikoreduserande tiltak.
4. Vår vurdering og ein tabell som oppsummera risikovurderinga vi har gjort.
5. Eventuelt forslag til aktuelle tema for forvaltningsrevisjon.

Kapittel tre avsluttast med ein oversikt over risikoområder med middels og høg risiko- og vesentlegvurdering.


Kapittel fire handlar om risiko- og vesentlegsvurdering i selskap, både forvaltningsrevisjon i selskapa og eigarskapskontroll.

2 OM KOMMUNEN

I dette kapittelet ser vi på kommunens mål og satsingsområde, økonomi, samarbeid og eigarskap. Det gir ein bakgrunn for risiko- og vesentlegvurdering.

2.1 ORGANISERING

Kommunestyret i Sula består av 29 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar. Det er i tillegg 3 utval i Sula kommune; Plan og miljøutvalet, Klagenemnd, og Utvalet for viltsaker. Kontrollutvalet har og 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval som eldrerådet, administrasjonsråd, råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting (Delegeringsreglement Sula). Vi har fått tilsendt følgjande organisasjonskart for kommunen:



2.2 KOMMUNEN SIN VISJON, MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

Kommuneplanen er ein overordna plan for samfunnsutviklinga i perioden. Sula har ein samfunnsdel som gjeld for perioden 2010-2020. Samfunnsdelen vart vedteken av kommunestyret 11.06.2011. Kommuneplanens samfunnsdel er bygd opp med 4 perspektiv og dei 3 styringsparametrane langsiktige utfordringar, mål og strategiar. Sula kommune sin

planstrategi fastset at kommuneplanen sin samfunnsdel skal rullerast i 2024, og arealplan i 2025. Kommunen har opplyst om at arbeidet er i gang og samfunnsdelen etter planen vil bli vedtatt i første halvår 2025. Planprogram for arealdel vil bli lagt fram til politisk handsaming i desember 2024.

Kommunen har etter faktasjekk av rapporten opplyst om at Sula kommune etablerte ny administrativ organisasjonsmodell og ny politisk struktur i 2023. Eit overordna mål for desse endringane var å få på plass ei meir heilskapleg og strategisk styring av kommunen. Kommunedirektøren sitt leiarteam har i samband med dette sett i gang ein prosess med å utvikle og implementere det heilskaplege styringssystemet med tilhøyrande aktivitetar. Aktivitetane vert implementert i organisasjonen fortløpande i 2024.

Planen som føreligg er inndelt i 3 områder (samfunnsperspektiv, organisasjon og tilsette og Økonomi) med 10 hovudmål for perioden. Det går fram følgande 10 hovudmål i planen:

Samfunnsperspektiv:

1. Styre veksten og samarbeide om regional utvikling
2. Etablere ei berekraftig utvikling
3. Etablere harmonisk mangfald
4. Snu negative trendar innan folkehelse og fremje kunnskap mellom aldersgrupper om rett kothald og fysisk fostring

Organisasjon og tilsette:

5. Ei vellykka samhandlingsreform
6. Vere attraktiv arbeidsgjevar som skapar godt rykte
7. Styrke leiarfunksjonen på alle nivå
8. Etablere likestilling/likelønn

Brukarar og tenester:

9. Gode tenester og nøgde brukarar

Økonomi:

10. Etablere og oppretthalde ein sunn og berekraftig økonomi med føreseielege rammer

Kommuneplanen er så vidt nemnd i økonomiplanen for den komande perioden. Siste føreliggande Planstrategi for Sula kommune er frå 2016 – 2019, er ein oversikt over kommunen sine planar og styringsdokument med ei vurdering og prioritering av planar for komande fireårsperiode.

2.3 ØKONOMISKE TAL OG MÅLTAL

Kommunen sine anbefalte finansielle måltal som skal bli nytta til å vurdere kommunen sitt handlingsrom Kommunestyre vedtok i møte den 01.12.2022 (sak 074/22) følgande finansielle måltal for Sula kommune: Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivareteke over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5% av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ned på dagens nivå (under 130%) innan 2030 og 100% innan 2035.

2.4 KOMMUNEBAROMETERET

Kommunebarometeret er ein samanlikning av kommunane basert på 155 nøkkeltal innan 12 sektorar (Kommunal Rapport 2023). Hensikta er å gje ein lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunane driv. Resultatet gir ein indikasjon, sjansen til å stille spørsmål og ikkje minst lære av andre kommunar. Tala er i hovudsak henta frå SSB sin KOSTRA-database for 2022. Det er i tillegg henta statistikk frå kjelder som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarksforsking.

I det førebelse barometeret er kommunane rangert etter ujustert poengsum. Kommunane blir rangert innan kvar einskild nøkkeltal, kvar sektor og totalt. Karakteren speglar kommunen si plassering i sektoren relativ til dei andre kommunane. Karakteren blir med andre ord ikkje satt ut frå definerte kriteria for kva som er objektivt «bra» eller «dårleg». Eit rødt nøkkeltal betyr at dei fleste andre kommunane gjorde det betre. For somme nøkkeltal gjer heile Kommune-Noreg det bra. Så bra, at sjølv dei kommunane som kjem ut lågt, ligg godt over normer og over minimumskrav til tenesta. I kommunebarometeret for 2023 kan vi lese følgjande om Sula kommune:

Sula havner på en 100. plass i den endelige utgaven av Kommunebarometeret 2023 fra Kommunal Rapport.

Sula har ikke vært del av noen større kommunesammenslåinger i løpet av femårsperioden som er omfattet av Kommunebarometeret. Vi kan derfor anta at resultatene er nokså sammenlignbare over tid.

Grunnskole er første sektor i barometeret. Her ser vi generelt at andelen lærere som oppfyller kompetansekravene i norsk, engelsk og matematikk, har økt nasjonalt de siste årene. I Sula oppfylte 76,13 prosent av barneskolelærerne i norsk, engelsk og matematikk i 1.-7. trinn kompetansekravene i 2022. De beste kommunene ligger på 100 prosent. På ungdomsskolen oppfylte 87,76 prosent av lærerne i matematikk, engelsk og norsk nye krav til fordypning i fagene.

Av dem som bor på sykehjem, var tendensen at 86 prosent hadde omfattende pleiebehov i 2022. 1 Andelen øker over tid, dette indikerer at innsatsen fortsatt dreies mot hjemmebasert omsorg, og at man må være mer pleietrengende enn før for å få sykehjemsplass. Forutsatt at kommunen har gode tilbud på lavere trinn i omsorgstrappa, bør de fleste som bor på sykehjem ha omfattende bistandsbehov. For Sula hadde 50 prosent av dem som bodde på sykehjem, et omfattende bistandsbehov i 2022. Det er anslått nasjonalt at fire av fem over 80 år på sykehjem har en grad av demens. I Sula var 0

prosent av plassene på sykehjem skjermede og tilpasset demente i 2022. Dette er lavere enn i de fleste andre kommuner i landet.

Sula kommune skriv til oss i e-post at avsnittet om sykehjemsplasser frå kommunebarometeret i følgje kommunen er feiltolka. Kommunen har korttidsplassar som er institusjon, og at eit snitt av dei naturleg nok har betre allment funksjonsnivå (dei bur normalt heime) enn dei som har langtidsopphald i institusjon. Dette gjeld også plassar til personar med demens. Sula har til no valgt å yte tenester til desse i heildøgns bemanna bukollektiv. Videre står det i kommunebarometeret at:

Nasjonalt har andelen saker i barnevernet som tar mer enn tre måneder å behandle, gått litt ned de siste årene. Den nasjonale tendensen viser at kommunene nå overholder den normale saksbehandlingsfristen i lovverket i 89,53 prosent av sakene. Andelen fristbrudd er halvert på noen få år. I Sula behandles 90 prosent av sakene innenfor tre måneder. Dette er bedre enn de fleste kommunene i landet.

Sula har ifølge statistikkene 6 barn per årsverk i de kommunale barnehagene. Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, fortsetter å øke nasjonalt. I 2021 var andelen oppe i 86,9 prosent. I Sula går 87 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallene. Ulike telletidspunkt for barn i barnehage og antall minoritetsspråklige barn er en marginal feilkilde.

Kommunal Rapport korrigerer netto driftsresultat for å vurdere driftsøkonomien. Nytt for to år siden var at en del kommuner får inntekter fra Havbruksfondet. Denne utbetalingen er trukket fra for å gi et bedre bilde av den langsiktige, løpende driftssituasjonen. Gjennomsnittlig prosentverdi for korrigert netto driftsresultat var 1,1 i 2022. For dette nøkkeltallet kan det imidlertid være viktigere å se på kommunens eget resultat enn hvordan den klarer seg mot resten av landet.

Sula har penger på disposisjonsfond, fondet var i 2022 på 16,3 prosent av bruttoinntektene til kommunen. Dette er høyere enn de fleste kommunene i landet. Netto renteeksponert gjeld for Sula var i 2022 på 79,4 prosent av brutto driftsinntekter, noe som er bedre enn de fleste kommunene i landet. Investeringsnivået i Sula var i 2022 14,72 prosent av brutto driftsinntekter for de fire siste år, og dette er under tendensen for landet.

2.5 INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Interkommunalt samarbeid kan bli organisert i eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap, samverkeføretak, foreining/stiftelse eller ein anna eining som det er rettsleg tilgang til. Ein del av dei kommunale oppgåvene kan blir utført i interkommunale samarbeid. Sula kommune har i dag følgjande interkommunale samarbeid (lista er ikkje uttømmende):

SAMARBEID DER ANDRE KOMMUNER ER VERTSKOMMUNE

- Sunnmøre friluftsråd (KO)
- Nordre Sunnmøre Landbrukskontor
- Vassforsyning Ålesund-Sula-Giske
- Stiftinga Viti
- Veterinærvaktområde Ålesund, Sula, Giske, Fjord, Haram
- Geodatasamarbeid Ålesund
- Overgrepsmottaket i Ålesund
- Øyeblikkelig hjelp døgnavdeling Ålesund (ØHD)
- LVS Ålesund
- Ålesund interkommunale legevakt
- Sunnmøre regionråd IKS
- Krisesenter for Sunnmøre
- Barnevernsvakta på Sunnmøre
- Nordre Sunnmøre oppvekstsamarbeid

KOMMUNALE SAMARBEID OM TJENESTER LAGT I SELSKAPER

- North West AS
- Attvin AS
- Årim AS
- Attvin Næring AS
- Ålesundregionens havnevesen IKS
- Kongshaugen reinseanlegg IKS
- Ålesundregionens havnevesen IKS
- Møre og Romsdal 110-sentral Ålesund KF
- Sunnmøre innkjøpssamarbeid
- Ålesund brannvesen KF
- IUA Sunnmøre kommunalt oppgåvefellesskap (IUAS)
- Biblioteksentralen SA
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS
- E-Kommune Ålesund
- Møre og Romsdal Revisjon SA

KOMMUNENS EIGARSKAP OG SELSKAP

AKSJESELSKAP (AS)

- Attvin AS
- Årim AS
- Attvin Næring AS
- North West AS
- Sula Vekst AS

INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS) OG SAMVIRKE (SA)

- Møre og Romsdal Revisjon SA

3 RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING FORVALTNINGSREVISJON

3.1 BEREKRAFT OG SAMFUNNSUTVIKLING

FN sine berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å **utrydde fattigdom, motverke skilnad og stoppe klimaendring** (FN-sambandet 2023). To tredjedelar av berekraftsmåla kan berre bli nådd gjennom lokal innsats, noko som gir kommunane ei avgjerande rolle i arbeidet.

Planlegging er kommunane sitt fremste verktøy for å sikre ei berekraftig utvikling i sin kommune. Ei rekkje av dei samfunnsutfordringane vi står ovanfor, må bli løyst gjennom en strategisk og planmessig tilnærming. Dette omfattar arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstrygging og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgsteneste, folkehelsearbeid med meir. Regjeringa og Statsforvaltaren ventar at berekraftsmåla skal vere utgangspunkt for all kommunal planlegging.

Det generelle kostnadsbilete er aukande, særleg innan pleie- og omsorgssektoren. Utrekningar viser at kommunesektorens årlege kostnadsvekst, som følgje av endringar i demografien, om få år vil vere to til tre gonger så høg som i 2022 (KS 2023:15). Mange kommunar har ein krevjande **økonomi** med høg gjeld og høgare driftsutgifter enn -inntekter. Kommunane må planlegge for å **tilpasse drifta til inntektene**. Kommunane skal nytte **finansielle måltal** som verktøy i styringa av økonomien. Kommunane står ovanfor tøffe prioriteringar framover, og må planlegge **strategisk og samla** (Statsforvaltaren sitt forventningsbrev for 2023).

Kommunane har ein stor oppgåve i å **få ned klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit endra klima**. Den verksemda kommunen legg opp til må sette minst mogleg fotavtrykk i miljøet. Vi byggjer ned naturen, og mange artar er borte, eller sterkt trua. Freding av naturområde og matjord må få større merksemd. Noreg har plikta seg til å verne 30 prosent av naturen innan 2030. Dette krev at kommunane tek grep om samfunnsutviklinga på den måten dei kan.

MOGLEGE RISIKOFAKTORAR

- Berekraftsmåla er ikkje satt i samanheng
- Ulike berekraftsmål kan å vere i konflikt med kvarandre
- Manglande strategisk planlegging av arbeidet med berekraftsmåla
- Drifta er ikkje tilpassa inntektene
- Planlegg ikkje langt nok fram i tid
- Samfunnsdelen blir vedteke seint i kommunestyreperioden (KS 2022:42)
- Manglande kopling mellom samfunnsdel og andre planer, budsjett og økonomiplan
- Mangelfull oppfølging av tiltak
- Arbeider ikkje for å bevare naturmangfald
- Prioriterer ikkje å redusere klimagassutslepp
- Gjennomfører ikkje konkrete klimatiltak (gjennom klimabudsjett/styringsverktøy)

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

OPPLYSNINGAR OM KOMMUNEN

Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi anbefaler eit netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene på 1,75%. Kommunestyret i Sula kommune har vedtatt eit måltal på 1,5%, som er i nærheita av det anbefalte målet. Måltalet vart nådd i både 2021 og 2022. I 2023 har Sula kommune hatt negativt netto driftsresultat (Årsmelding 2023)

Sula kommune samarbeider om ein felles plan for areal, klima og transport (PAKT) i Ålesundregionen. Samarbeidet er med Ålesund, Giske og Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. Klimaomsyn og FN sine berekraftsmål er lagt til grunn for planen.

Målsetting i planen er ei berekraftig utvikling og en godt fungerande bo- og arbeidsmarknadsregion. Planen vil i tillegg stimulere til folkehelse og trafikksikkerheit. Den forpliktar til å utvikle eit betre kollektivtilbod med båt- og bilsamband. Ein ønska fortetningspolitikk og sterkare jordvern ligg òg i planen. Planen er ikkje juridisk bindande. Risikoområder ved planen kan vere oppfølginga ut i kommunane (PAKT). Sula kommune har en delplan i Miljø og klimaplan frå 2009.

Sula kommune har gjennomført ei innbyggjarundersøking om forslag til tiltak i ny klima- og energiplan gjennom både fysiske og digitale møte. Dette ble undersøkt for å få tilbakemelding på tiltak kommunen kan ta for å få meir miljøbevisste innbyggjarar.

Samfunnsplanen i Sula er påbegynt. Framdrifta tilsier at den blir sendt på høyring i 2024 og skal behandlast i 2025.

Kommunen jobbar aktivt med sosial berekraft, mellom anna med utanforskap. Kommunen har sett på praktiske anordningar med næringslivet, og hatt ein næringsfrukost med utanforskap som tema (Oppstartsmøte).

Sula fortel i oppstartsmøte at kommunen ikkje har nokon større utfordringar enn andre kommunar. I følgje kommuneleiinga er det arbeidd mykje med å få orden på utslepp.

Kommunen er i prosess saman med Ålesund kommune om nytt reinseanlegg. Berekrafta i kommunen knytes og til planprosessane som er i gang. Kommunen opplyser at det brukes lite areal på øya, og har naturreservat i Sula. Kommuneleiinga fortel i oppstartsmøte at det planlegges ein planvask, og undersøker korleis kommunen kan jobbe betre med arealet som er til rådighet.

Kommunen jobbar med å få på plass ein ny organisasjonsstrategi for kommunen, der strategien mellom anna blir relatert til FN sine berekraftsmål (Intervju).

Kommunebarometeret syner at Sula på indikatoren for natur og miljø ligger på den nedre tredjedelen i fylket. Indikatoren som måler blant anna arealnøytralitet, som vil si at kommunen gjenbruk og fortettar allereie utbygd areal, framfor å bygge ned nye områder. Det bebygde området i Sula kommune er økt med 0,07 prosent de siste fire årene. Samstundes er 26 dekar jordbruksareal i Sula omdisponert til andre formål. Klimautsleppa i kommunen er i dag 0,33 prosent høgare enn dei var for fire år sidan (Kommunebarometeret).

Innan fornybar energi viser fylkesstatistikken at Sula har 0,2 MW installert effekt av solkraft-solceller, og utsleppa av klimagassar har auka minimalt frå 2009 til 2021. Statistikken viser og oversikt over verna natur, der Sula kommune har verna under 10%. (Fylkesstatistikk)

VÅRE VURDERINGAR

Sula har eit noko utdatert planverk på klima og miljø, men arbeider no meir aktivt på området. Kommunen er tillegg med i PAKT-samarbeidet i regionen, der berekraftsmål, klimaomsyn og jordvern er sterkt vektlagt. Risikoen vurderast som lav da det gjennom oppstartsmøte og dialog med kommunen verker som det er høy bevisstheit om klima og miljøproblematikk i kommunen. På same tid er det ikkje vedtekne nyare planar tidlegare innan ønsket tid, noko som kan gjere det meir utfordrande å oppdatere fleire planar no. Konsekvensen ved lite fokus på området kan sjåast som høg. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som M.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Manglande strategisk og heilskapleg planlegging av arbeidet med berekraftsmåla Utdaterte planar	Utfordring å konkretisere tiltak for å nå FN sine berekraftsmål. Tidsperspektiv på å få vedteke planar. Sula kommune samarbeider om ein felles plan for areal, klima og transport (PAKT) i Ålesundregionen. Kommunen planlegg planvask. Samfunnsplanen skal vedtas i desember 2024.	Kommunen vil ikkje nå de mål dei sett seg. Kommunen får ikkje ei berekraftig drift.	M	M-H	M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere:

- Strategisk og heilskapleg planlegging av arbeidet med berekraftsmåla.
- Oppdaterte planverk

3.2 LOKALDEMOKRATI

VILKÅR FOR LOKALDEMOKRATIET

Lokaldemokrati kan bli sett på som eit ideal der man vektlegg aktiv deltaking i styring og utforming av politikk. Ytringsfridom, deltaking, organisasjonsfridom og likestilling er sentrale demokratiske rettar. Eit velfungerande demokrati er vidare avhengig av at styreorgana fungerer, og at einskilde grupper ikkje får for mykje makt eller blir diskriminert. 85 % av innbyggjarane meiner kommunestyret i eigen kommune er viktig for demokratiet i det norske samfunnet (KS 2022:64).

Moglege risikofaktorar

- Politiske vedtak blir ikkje gjennomført
- Saksgrunnlag i politiske saker er ikkje tilfredsstillande
- Saksarbeidet er ikkje tilpassa folkevalde i mengde og språk
- Avgrensa ytringsfridom
- Vilkåra for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande
- Einskilde grupper får for stor makt
- Truslar og hets mot folkevalde og administrasjon
- Haldningar i samfunnet
- Låg valdeltaking
- Likestillingsarbeid er dårleg forankra blant tilsette og i leiinga
- Lite merksemd på aktivitetssplikta etter diskrimineringslova
- Mangelfull kartlegging av utfordringar
- Mangelfull opplæring av folkevalde
- Lite innbyggjarmedverknad

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Av alle landets kommunar ligg Sula på 18. plass for openheitsbarometeret for 2023.

Heimesida til Sula kommune inneheld tilgang til informasjon om møter i folkevalde organ og sakspapir. Av kommunestyrets dokumenter går det fram at folkevalde i kommunen får opplæring ved ny valperiode (Kommunestyret Sula 27.10.2023).

Sula kommune har innsynsløysning med fulltekstdokument liggande på nett.

Sula kommune har ei valdeltaking på 66,2 % Det er ein oppgang frå valet i 2019 da 62 % stemte. Landsgjennomsnittet er 62,4 %.

I årsmeldinga rapporterast det på likestillingsarbeidet i Sula. I kommunen totalt er det ein kvinneandel på 81 %. Innan dei leiande stillingane i kommunen er fordelinga 33% menn og 67% kvinner, mens kvinneandelen i kommunestyret på 34,5% (Årsmelding 2023).

I løpet av året 2023 hadde Sula kommune 11 kommunestyremøte. Sula sin kommune-tv-funksjon er innretta slik at det kan letes frem til ønskelege saker å sjå på i kommune-tv. Alle folkevalde møte ligg i politisk møtekalender med vedlagde møtedokument (Sula.kommune.no)

Kommuneleiinga opplyser at Formannskapet blir tidleg involvert budsjettprosessen slik at politikarane får eigarskap til budsjettet og budsjettprosessen. Kommunestyret blir orientert om foreløpig budsjett i god tid før det skal behandlast. Politikarane blir oppfordra til å sende inn skriftlege spørsmål og endringsforslag. Spørsmål og svar blir samla opp og sendt til alle medlemmene av kommunestyret. Gjennom året blir formannskap og kommunestyret orientert om økonomisk status ved økonomisk tertialrapportering, samt finansrapportering (Intervju).

Kommunen legg til rette for aktiv innbyggjarmedverknad både med fysiske møte og digitale møteplassar. Dette gjennomførast i kommunikasjonskanalar både internt og eksternt. Kommunen legger til rette for medverking i planprosessar gjennom eldreråd, ungdomsråd og råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting.

Innbyggjarar kan sende inn forbetningsforslag gjennom minsak.no. Siste forslag som er sendt inn er frå 2021 (Min.sak.no). To saker som har hatt søkarlys dei siste åra er det nye reinseanlegget som skal byggast, og utviklinga av gondolen. Dette er to typar saker som kan skape engasjement, men er etter kommunen si eiga oppfatning handtert på ein god måte (Oppstartsmøte).

I perioden 2020-2024 er det utført 8 tilsyn i Sula kommune. 1 postalt asbesttilsyn utført av Arbeidstilsynet, resterande 7 tilsyn er i regi av Statsforvaltaren. Statsforvaltarens tilsyn var i hovudsak retta mot landbruk og grunnskuleopplæring. Det er i tillegg utført 3 forvaltningsrevisjonar i perioden om tidleg innsats og spesialundervisning, innkjøp og offentlege anskaffingar og barneverntenesta (Tilsynskalender og Møre og Romsdal Revisjon).

I spørjeundersøkinga er det ulike oppfatningar om utfordringar knytt til funksjonsdyktig kommunalt folkestyre. Ein skriv at det er satt i system oppfølging av politiske vedtak og at vedkomande opplever ellers at saksframlegg og beslutningsgrunnlag er tilfredsstillande, medan ein anna skriv at det er for mange, lange, kompliserte, gjentakande og uklare saksframlegg.

Våre vurderingar

Plasseringa høgt på openheitsbarometeret kan tyde på eit visst nivå av openheit. Kommunen har ei valdeltaking som ligg over landsgjennomsnittet, noko som kan tolkast som eit teikn på eit velfungerande lokaldemokrati. Ved å legge til rette for brei innbyggjarmedverknad i ulike prosessar og oppretthalde god ekstern kommunikasjon, bidrag kommunen til å reduserer risikoen for ekskludering av visse grupper. Vi har ikkje funn som seier at kommunen har høg risiko på dette området.

Vi vurderer derfor risikonivå for området som lågt til middels.

Risikofaktorar	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Vilkår for lokaldemokratiet er ikkje tilfredsstillande	Kommunen tilrettelegg for medverking i planprosessar. Blanda tilbakemeldingar frå politikare om det er eit funksjonsdyktig kommunalt folkestyre.	Svekket tillit til lokaldemokratiet og føre til ineffektiv styring. Politikarar forstår ikkje saksframlegg/grunnlag for vedtak.	L-M	M	L-M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere: Vilkår for lokaldemokratiet

OPE OG INNSYN

Å vere open og gje innsyn er somme av dei viktigaste føresetnadane for eit velfungerande demokrati. Kommunen si verksemd skal være open og transparent. Kommunen og andre offentlege etatar har ansvar for å dokumentere sine aktivitetar.

Pressen sitt offentleg utval og Kommunal Rapport har i 2021 undersøkt kor opne kommunane er, det vil seie i kva for grad dei gir tilgang til politiske dokument og sikrar eit generelt innsyn i forvaltninga og dei politiske avgjerstene. Undersøkinga viser at Møre og Romsdal er Noregs mest opne fylke. Undersøkinga viste at store kommunar er meir opne enn små kommunar, bruken av styrevervregistret er uendra sida 2018 på 79 prosent og 20,4 prosent av kommunar opplyser å ha søkefunksjon i postlista (Pressens faglege utval 2022).

Moglege risikofaktorar

- Manglande merksemd på meiroffentleg
- Manglande kommunikasjonsstrategi
- Manglande krav til korleis tilsette skal møte publikum
- Mangelfull handsaming av arkivverdige materiale
- Manglande protokollføring og postjournal
- Svak internkontroll
- Informasjon som ikkje skulle vore offentleggjort blir offentleggjort
- Auka grad av digitalisering og mangfald av digitale kommunikasjonsformer
- Oppfølging av rettleiingsplikta

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

På Sula si heimeside går det fram kva kommunen har av kommunale råd og utval. Kommunen opplyser om eit godt samarbeidsklima mellom dei ulike partia, og det er ifølge kommuneleiinga stor grad av openheit. Det blir mellom anna arrangert workshops for heile kommunestyret i nytt valperiode (Oppstartsmøte).

Oversikt over møter i folkevalde organ i kommunen ligg på nettsida til kommunen. Kommunen har informative heimesider. Publikum kan følgje kommunestyret gjennom kommune-tv, og sakspapira til dei politiske møta blir lagt ut. På heimesidene legges det ut alle saker som skal på høyring, med detaljert informasjon. Dei politiske utvala som har møte ved behov, vert kunngjort i lokalavisa og på heimesida (sula.kommune.no).

Acos websak blir nytta som sakshandsamingssystem i kommunen. Det som kjem på postlista i kommunen er på førehand gjennomgått manuelt av to tilsette på arkiv. Post blir vurdert og kvalitetssikra etter offentleglova før publisering. Nytilsette gis opplæring etter offentleglova.

Det vil i løpet av kort tid bli innført eit nytt kvalitetssystem i kommunen med Skiri Samsvar, som er eit skybasert kvalitet- og internkontrollsystem. Dette vil gjelde heile kommunen når dette er fullt ut implementert. Kommunen har blitt meir opne no enn tidlegare (intervju).

Det er iverksett nye digitale løysningar med mål om å yte betre service til Sula kommune sine innbyggjarar. Dette er mellom anna chatbot på heimesida, og ny digital resepsjonsløysing i Kommuneverten. Der kan innbyggjarar booke møter med ulike sakshandsamarar i kommunen (sula.kommune.no).

I spørjeundersøkinga er det tilbakemelding frå politiker om at kommunen heimeside ikkje er bra nok, og at det ikkje kan bli nok informasjon til innbyggjarar.

Våre vurderingar

Sula har informative nettsider og oversikteleg møtekalender til politiske møter og utval, vi vurderer at Sula har ei proaktiv tilnærming til digital løysingar og service. Dokumenta som kjem på postlista i kommunen er gjennomgått av arkiv før offentleggjing. Kommunen har en intensjon om få innført nytt heilskapleg kvalitetssystem som skal bli fullt ut integrert i heile organisasjonen. Det kan i en innføringsfase medføre auka risiko, samtidig som at det er eit risikoreduserande tiltak med eit oppdatert kvalitetssystem. Kommunen oppfatta seg sjølv som open, og openheitsbarometeret for 2023 underbyggjer dette.

Vi har ikkje funn som seier at dette området har særskilt høg risiko, men det er tilbakemelding i spørjeundersøkinga frå politikar på at heimesida til kommunen ikkje er bra nok.

Vi vurderer samla risiko- og vesentlegnivå på området til L-M.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Manglande merksemd på meiroffentleg Auka grad av digitalisering og mangfald av digitale kommunikasjonsformer	Kommunen har ei proaktiv tilnærming til digitale løysingar og service. Kommunen fremstår som ope. Kommunen skal innføre nytt kvalitetssystem, som i ein overgang kan ha risiko. Tilbakemelding på at heimesida ikkje er god nok	Negativt for tillit og omdømme. Det som skulle ha vore offentleg blir ikkje offentleggjort. Mangelfull informasjon til innbyggjarar	L-M	M	L-M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere: Ope og innsyn

3.3 TILLITSSKAPANDE FORVALTNING

Tillit er viktig for samspelet mellom kommunar, næringsliv, frivillige og innbyggjarar, og er ein del av det FN omtalar som sosial berekraft. Høve som **avdekka korrupsjon, manglande innsyn, manglande system til å ta opp kritikkverdige høve** eller **manglande internkontroll**, kan svekke kommunen sin legitimitet og styringsevne.

Folkeundersøkelse fra 2017/2018 viser at både innbyggere og folkevalgte er mest fornøyd med kommunenes evne til å levere tjenester i samsvar med innbyggernes behov og at folkevalgte har god styring (KS 2022:52).

INTERNKONTROLL

God internkontroll er essensielt for å sikre gode og riktige tenester, at lover og føreskrifter blir fulgt og at kommunestyret sine vedtak blir fulgt opp. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitet og risikohøve. Med den nye kommunelova kom skjerpa krav til rapportering om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn frå kommunedirektøren til kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Manglande risikokartlegging
- Mangelfull internkontroll
- Auka krav til internkontroll
- Feil prioriteringar
- Manglande kompetanse og ressursar
- Mangelfull rapportering på internkontroll
- Mangelfull rapportering, handtering og læring av avvik

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen bruker Riskmanager som sitt kvalitetssystem. Riskmanager blir no implementert i den nye løysinga Samsvar i regi av Skiri.

Kommuneleiinga opplyser at det vart meldt inn og behandla 626 avvik i 2023 (Årsmelding 2023). Talet på innmelde avvik er i følgje kommunen aukande. Sula kommune skriv at det er positivt fordi dei ynskjer ein meldekultur der kontinuerleg forbetningsarbeid er i fokus. Det er HMT og legemiddelavvik som utgjer størstedelen av avvika. Kommunen skriv til oss at det må understrekast at hendingar/forhold som kan føre til avvik også inngår i desse meldingane. Også melding om manglande avvika pause utgjer ein betydeleg del av avvika. Kommunen skriv at dei ser føre at ein betydeleg del av avvika kunne vore meldt som forbetningsforslag. Kommunen vil jobbe vidare med kulturen for melding av avvik, då helst mot ei dreining mot forbetring og forbetningsforslag. Det også bli jobba vidare med korrekt plassering av avvika, og at dei meldast inn under rett kategori for ein sikrare kvalitet på rapportering for 2024.

I RiskManager er det personalhandbok og HMT-system inklusive rutinar og skjema. Det er også i RiskManager ein melder avvik. Når overgangen til Sikri Samsvar etter kvart skjer, vil funksjoner som avvik, varsling og dokumentbiblioteket overførast til det nye systemet. Det er planlagt opplæring av dei tilsette ved innføring av det nye kvalitetssystemet (Intervju).

I spørjeundersøkinga stadfestar leiarar at det blir gitt opplæring i kvalitetssikringssystemet. Dei som har svart på undersøkinga svarer at det er noko ulikt mellom einingane kva delar av kvalitetssystemet som er i bruk, men at det mellom anna blir brukt til å melde avvik og gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalysar (Spørjeundersøking).

Kommunestyret får rapportering om den økonomiske situasjonen i Sula gjennom tertialrapporteringa.

Når det gjeld internkontroll innan økonomiområdet, vil alle som har tilvisingsmyndheit få skriftleg delegert myndigheit frå overordna tilsett. Økonomiavdelinga i kommunen opplyser at alle inngåande fakturaer blir kontrollert av to ulike personar. Først ein person som attesterer, og deretter ein person som anviser (Intervju).

Sula sitt forvaltningssystem FAMACWEB vart tatt i bruk i 2019, og kommunen opplyser om at erfaringane er gode. Systemet har mellom anna oppgåver knytt til internkontroll og oppfølging av lovpålagte oppgåver innan drift og vedlikehald (Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027).

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjorde i 2021 eit tilsyn om kommunen sikrar at skulen varslar og undersøker saker der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Tilsynet fant at kommunen ikkje hadde tilstrekkeleg internkontroll på korleis dei skal undersøke, varsle og dokumentere slike tilfelle. Det blei og påpekt frå Statsforvaltaren at skuleeigar ikkje innhenta opplysningar som kan ligge til grunn for ei ROS-analyse.

Kommuneleiinga opplyser at Sula kommune etter dette innførte verktøyet Moava. Dette er eit digitalt internkontrollsystem for oppvekst der både tilsette og føresette kan nytte «raud knapp» for å varsle om eit barn i barnehage eller ein elev i grunnskulen eller i vaksenopplæring ikkje har eit trygt og godt miljø. Systemet inneheld årshjul for internkontroll barnehage og skule, og for barnehage mynde.

Våre vurderingar

Kommunen arbeidar vidare med sine styringssystem for å ha en overordna internkontroll. Det inneber auka risiko ved innføring av eit nytt internkontrollsystem. Avvik blir rapportert årleg til kommunestyret. Sula er i ei omstillingsfase som kan gi økt risiko.

Vi vurderer samla risiko- og vesentlege for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Mangelfull internkontroll. Overgang til nytt system	Kommunen bruker dokument/prosedyredel og avvikssystem i Riskmanager/Samsvar. Kommunen har søkarlys på internkontrollsystem. Det er både risikoreduserende og mogligheit for auka risiko ved innføring av nytt kvalitetssikringssystem.	Tiltak målrettast ikkje. Feilprioriteringar. Svekka omdømme og tillit. Kan gå ut over kvaliteten på tenestene.	L-M	M-H	M 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere: Internkontroll, etterleving av system for internkontroll.

ETIKK OG VARSLING

Undersøkingar har vist at om lag halvparten av ordførarar og leiarar har sjølv opplevd ein situasjon med press om uetisk åtferd eller tilbod om utilbørleg fordel. Samtidig meiner fleirtalet i DFØ sin Innbyggjarundersøking i 2021 at det offentlege handsamar alle grupper rettferdig, medan delen som ikkje er semd i det utgjer 26 prosent. I KS Lokaldemokratiundersøking 2017/18 kjem det fram at mange meiner at dei med gode personlege kontaktar i kommunen får betre ivaretatt sine interesser, samstundes som dei ikkje trur at folkevalde utnytt makta for eigen del (KS 2022).

Ein rapport frå Transparency International viser at innbyggjarane i Noreg har høg tillit til myndigheitene. Samstundes peiker rapporten på at det høge tillitsnivået i Noreg må bli ivaretatt. Blind tillit og overdriven tru på at korrupsjon skjer andre stedar enn i Noreg utgjer i seg sjølv ein korrupsjonsrisiko (Økokrim 2022). Det er Transparency International Norge sitt inntrykk at mange er villige til å risikere svært mykje, både når det gjeld straff og omdømmetap, for relativt lite (NKRF 2023).

Moglege risikofaktorar

- Manglande eller eldre etiske retningslinjer
- Manglande eller svak internkontroll
- Mangelfull opplæring i etikk
- Kommunen har ikkje oppdatert rutinane for varsling
- Varslingsrutinane er ikkje godt nok kjent
- Varsling blir ikkje følgt opp
- Det er ikkje trygt å varsle
- Det blir ikkje lagt til rette for varsling
- Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Det føreligg etiske retningslinjer og skriftlege varslingsrutinar i kvalitetssystemet. I årsmeldinga for 2023 opplysast det om at etiske retningslinjer vart revidert og vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 i sak 21/21. I 2022 var det registrert 644 avvik, medan i 2023 var det registrert 626 avvik (Årsmelding 2022 og 2023).

Kommuneleiinga meiner at kulturen for å melde avvik er god. Fleire einingar er gode på å melde avvik, mens andre einingar har eit forbettringspotensial. Det planleggast å jobbe med kulturen for avviksmelding etter at nytt kvalitetssystem er innført. Kommunen opplyser at det skal jobbast vidare med å tydeleggjere skiljet mellom varsel, avvik og forbetring. Kommunen har revidert varslingsplakaten våren 2024. (Faktasjekk, intervju). Varslingsrutinane vart også revidert våren 2024. Arbeidet sjåast også i samanheng med ynskje om meir heilskapleg tilnærming omkring avvik og rutinar som kommunen kontinuerleg arbeidar med (Oppstartsmøte).

Kommunen har reglement for folkevalde og tilsette som skal bli gått gjennom på ny i forbindelse med ny valperiode.

Kommunen har personvernombod og hovudverneombod. Kommunen sitt arbeidsmiljøutval består av seks medlemmer (Årsmelding). Det vart vedteke nye retningslinjer for arbeidsmiljøutvalet 25.01.24. Oppgåver som tidlegare var lagt til attføringsutvalet og IA-utvalet ligg no under Arbeidsmiljøutvalet. Samtidig vart antal medlemmar auka til totalt 8. Det er planlagt ny medarbeiderundersøkelse hausten 2024.

Våre vurderingar

Vi har ikkje funn som tilseier at kommunen skal ha store utfordringar på dette feltet. Kommunen synar god bevisstheit omkring temaet og har utarbeidd reglement og rutinar som er tilgjengelege for dei tilsette. Kommunen arbeider kontinuerleg med temaet og ekstra inn i ein ny kommuneperiode. Vår vurdering er at kommunen har rutinar og en praksis for opplæring i etiske retningslinjer, men vi er usikre på etterleving og praksis ute i einingane. Vi vurderer dermed samla risikonivå som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kommune har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Kommunen har etiske retningslinjer, mens prosedyre for varslingsrutinar er under revidering	Manglande samordning av verneombodets virksomheit.	M	M	M
Det blir ikkje lagt til rette for varslingsrutinar.	Kommunen kan bli betre på å følgje opp prosedyrar og varslingsrutinar.	Svak rettstryggleik for innbyggaren/tilsette.			
Varslingsrutinar følges ikkje opp		Svekka omdømme.			

Aktuell forvaltningsrevisjon kan vere: Avvikskultur- og handtering av avvik

INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Komplekse oppgåver og mangel på ressursar kan gjere det krevjande for kommunane å nå sine mål. Løysinga kan vere **interkommunale samarbeid** (Statsforvaltaren 2023).

Ei kartlegging av interkommunale samarbeid utført på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet har formulert suksessfaktorar for velfungerande interkommunale samarbeid; **eigarskap til mål** hjå folkevalde og administrasjon i samarbeidskommunane, **formalisering** av samarbeidet, **profesjonell eigarstyring**, **resultatrapportering** samt **kommunikasjon** og pleie av relasjonar og tillit.

Når kommunar organiser delar av verksemda si som eigne selskap eller i samarbeid med andre kommunar, kan det skape utfordringar for demokratiet ved at selskapa i mindre grad er direkte underlagt kommunestyret.

Moglege risikofaktorar

- Mangelfull rapportering frå vertskommunen
- Lite formalisert samarbeid
- Manglande oppfølging av inngåtte avtalar og rapportar frå tenestene til kommunestyret
- Informasjon om tenesta og verksemda blir ikkje etterspurt av folkevalde
- Manglande eigarskap til mål både politisk og administrativt
- Lite tillitsskapande kommunikasjon
- Tenesta blir ikkje følgt opp i praksis

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar frå kommunen

På oppdrag av Statsforvaltaren har NIVI (2023) utgitt ein rapport om Interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal der Sula er omtalt. Rapporten peiker på nokre utfordringar ved kommunalt samarbeid. Dette er manglande samordning mot eige tenesteapparat, mindre effektiv administrativ styring, samarbeid på dei store kommunanes premisser, manglande demokratisk forankring og kontroll, og avvikande forvaltningskultur i interkommunale selskap. I følge rapporten har Sula 31 formelle ordningar i kommunen, noko som er relativt lågt samanlikna med andre kommunar i fylket. Kommunen er vertskommune for eitt samarbeid i følge rapporten, og er med i 30 ordningar med bistand frå andre kommunar (NIVI analyse 2023).

Sula kommune er med i innkjøpssamarbeid i regi av Ålesund kommune, som består av 14 kommunar på Sunnmøre. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar. Det vart utført en forvaltningsrevisjon for offentlege anskaffingar og innkjøp i 2021 som omtala innkjøpssamarbeidet i nokon grad (Møre og Romsdal Revisjon SA).

Sula kommune er også deltakar i Sunnmøre regionråd som er organisert som interkommunalt selskap (IKS). Det nye reinseanlegget i kommunen blir etterkvart også eit nyetablert interkommunalt selskap med Sula og Ålesund kommune som eigarar (NIVI analyse 2023).

Kommunen har i mai 2024 vedtatt en eigarskapsmelding. Innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart revidert og vedtatt av Sula kommunestyret i 2021.

Våre vurderingar

Fleire av kommunens tenester ytes gjennom interkommunale samarbeid med andre kommunar. Det er viktig å formalisere disse samarbeida, at det stilles krav til rapportering frå vertskommunane, og at det er god dialog mellom eigarkommunane. Vi vurderer at det kan være en viss usikkerheit knyt til informasjonsflyten omkring eigarskap og til kommunestyret. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentlege for området som M/M.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen ikkje i tilstrekkeleg grad følger opp inngåtte avtaler og rapporterer frå tenestene til kommunestyret Mangelfull rapportering	Kommunens eigarskapsmelding er frå 2018 Kommunen er med i ein rekke interkommunale samarbeid	Kommunestyret har ikkje godt nok grunnlag for å følge opp tenestene.	M	M	M 

Vi vurderer følgande tema som mest aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Interkommunale samarbeid

DIGITALISERING OG INFORMASJONSTRYGGING

Kommune-CSIRT ventar eit høgt volum av **digitale angrep** i sin analyse og utsikt for 2023. Trygging utfordringar som blir omtala er mellom anna: digital prosessstyring av vassleveranse, SD-anlegg (system for sentral drift av eks. varme og ventilasjon), låsesystem for bygg og idrettsanlegg, velferdsteknologi, heisstyring, tryggingsskamera/overvakingskamera, kraftverk/kraftleveranse, reinseanlegg og avfallsdeponi og forbrenningsanlegg.

Det er ein gjennomgåande tendens at digitaliseringa skjer på **tross av personvernet**. Det er framheve at personvernet i skule og barnehage er under press. Det ble motteke flest klagar på feil i handsaming av personopplysningar i registra. Det er meldt auka tal meldingar om brot på personopplysningstrygginga, grunna **feilsendingar og feilpubliseringar**, men også at tilgangsstyring er eit problem (Datatilsynets årsrapport for 2022).

Moglege risikofaktorar

- Svak internkontroll
- Dokumentasjon av plikter
- Manglande databehandlaravtalar med eksterne aktørar
- Mangelfull dokumentasjon av handsamingsaktivitetar
- Organisasjonskultur og kompetanse
- Manglande risikovurdering på området
- Oppfølging av personvern i einingane
- Tilgangsstyring
- Komplisert og omfattande regelverk
- Personvern er ikkje tilfredsstillande.
- Informasjonstrygginga er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen er en del av Digi Møre og Romsdal (2024) som skal gi kommunen betre digitale tenester, med økt digitalisering og felles digital kompetanse. Digi Møre og Romsdal skal sikre et godt samarbeid og økt kvalitet innan digitaliseringsarbeidet.

Kommunen har ein handlingsplan som skal bruke digitale ressursar i leik, læring og samhandling i Sulabarnhagene. Det er ei eiga progresjonstrapp for den kreative bruken av IKT i planen. Det er i tillegg laget ein handlingsplan for digital kompetanse i kultur og oppvekst i Sula kommune.

Kommuneverten er og ein del av digitalisering i kommunen. Kommuneverten er ei digital resepsjonsløysing som fungerer som en vert for avtalar og booking av møter med saksbehandlarar i kommunen. I tillegg er Chatroboten Kommune-Kari implementert som funksjon på kommunens heimesider. Kommune-Kari kan svare på konkrete spørsmål innbyggjarane har til kommunen.

Sula er og ein del av e-kommune Sunnmøre. E kommune Sunnmøre er eit IKT-samarbeid mellom kommunane Ålesund, Fjord, Giske og Sula. Denne portalen er felles for alle tilsette i ved innlogging i ulike eksterne digitale verktøy og løysingar (e-sunnmøre.no).

Kommunen anser sjølve digitalisering som et viktig samarbeid, men opplever også utfordringar som går på å være tydeleg nok når det kjem til kor ansvaret ligg. Det omhandlar da kva ansvar kommunen sjølve skal sitje med, for å ha god nok kontroll på området, og kva som er ein del av samarbeidet. Sula har eige ressursar med tilsett IKT leiar, som opprettheld dialog om kva som skjer i samarbeidet og kva som skjer i eigen regi (Oppstartsmøte).

Det blir jamleg gjennomført e-læringskurs for alle tilsette som omfattar informasjonstryggleik. Innan personvern og GDPR-reglementet har kommunen et eige personvernombod. Forskrifta blir ivaretatt og følgt opp via eigen modul i Samsvar når dette er innfasa. Tilsetjingsprosessar er i stor grad digitalisert gjennom webcruiter (Intervju).

Riskmanager er på veg til å bli utfasa i kommunen og overteken av løysinga Samsvar. I Samsvar har alle modular dashbord som automatisk oppdaterast med leiingsinformasjon og statistikk ved gjennomføring av aktivitetar. Modulen Samsvar personvern dekker krav i personvernforordninga, dette vil i følgje datasystemet gje Sula kommunen betre tryggleik for informasjonssikkerheit (sikri.no)

Våre vurderingar

Vi vurderer at kommunen si deltaking i samarbeidet ekkommune Sunnmøre er med å redusere risikoen for at risikofaktorar skal inntreffe innan personvern og informasjonstrygging til middels risiko, men vi vurderer området til å ha høg vesentlegheit. Det er noko ulikt mellom einingane kva delar av riskmanager som er i bruk, noko av dette kan mogleg forklarast med at kommunen er i ei overgangsfase til det nye systemet Samsvar. Det er iverksett nye digitale løysningar med mål om å yte betre service til Sula kommune sine innbyggjarar. Sula har eigen leiing på IKT-området i tillegg til avtalesamarbeid, men det kan oppstå uklare grenser omkring ansvarsfordelinga. Den nye løysinga Samsvar kan bidra til å redusere risikoen på området. Vi vurderer samla risikonivå for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Informasjonstryggleiken og personvern er ikkje tilfredsstillande	Deltaking i e-kommune Sunnmøre reduserer risiko innanfor personvern og informasjonstryggleik.	Negativt for tillit og omdømme. Belastning for enkeltindivid. Manglande overholdelse av personvern.	M	M	M
Innføring av nye system	Det føreligg digitale kurs for opplæring i personvern og informasjonstryggleik.	Sensitive opplysningar for innbyggjar eller viktige opplysningar for kommunen blir spreidd til uvedkommande.			
Organisasjonskultur og kompetanse	Vi vurderer at nytt kvalitetssystem kan vere risikoreduserande.				

Aktuell forvaltningsrevisjon kan være: Datasikkerheit og informasjonstryggleik

OFFENTLEGE INNKJØP

Norske kommunar må følgje lov og føreskrift om offentlege innkjøp. Lova skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar, og den skal sikre at det offentlege opptrer med integritet. Vidare skal reglane bidra til å motverke sosial dumping, ivareta miljøomsyn og motverke brot på menneskerettane.

Økokrim skriv i trusselvurderinga for 2022 at **korruptsjonsrisikoen** i kommunal sektor er størst i konkurranserundar (Økokrim 2022).

Kommunar kjøper inn for store summer, og har gjennom innkjøp eit instrument for å jobbe med berekraft, til dømes gjennom å fremme omstilling til sirkulær økonomi.

Det er sannsynleg at kriminelle aktørar vil prøve å utnytte ukrainarar og andre utanlandske og sårbare arbeidstakarar til **svart og ulovleg arbeid**. Utnytting skjer særleg i arbeidsintensive yrke med ein høg del ufaglærte som **bygg og anlegg**, bilpleie- og verkstad, varetransport, reinhald og sesongarbeid innan jordbruk og fiskeri. Bruk av ulovleg arbeidskraft har over fleire år vore ein utbreidd form for arbeidslivskriminalitet.

Moglege risikofaktorar

- Offentlege innkjøp blir ikkje gjort tilfredsstillande
- Svak internkontroll
- Kompetanse og ressursar
- Offentlege innkjøp
- Arbeidslivskriminalitet
- Manglande openheit
- Manglande miljøomsyn
- Sirkulær økonomi
- Uklare ansvarshøve
- Mangelfull kostnadskontroll og økonomistyring
- Næringar med større risiko for kriminalitet
- Delen utanlandsk arbeidskraft er stor
- Lite samhandling med andre offentlege styresmaktar

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar frå kommunen

Økonomireglementet i Sula blei revidert og oppdatert ved økonomibestemmingar i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020. Økonomireglementet blei vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 (Sak 21/21).

Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart revidert og vedtatt i kommunestyret 25.3.2021 i sak 21/21. Finansreglement vart revidert og vedtatt i kommunestyret i sak 89/21. Kommunen har tertialvise finansrapporteringar (Årsmelding 2023).

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og innkjøp i 2021 (MMR SA). Konklusjonen i rapporten var at kommunen har sett i verk fleire tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt, som skriftlege rutinar og anna kontrolltiltak. Når

det kjem til forbettringspunkt trekkast det frem at dei tilsette ønskjer meir opplæring og informasjon, og ein tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling innan anskaffingar. Undersøkinga viste at Sula kommune har ein oppdatert oversikt over alle rammeavtalar som er inngått, og at dei tilsette har oversikt over rammeavtalane som er relevante for sitt tenesteområde.

Revisjonsrapporten konkluderer med at varer og tenester blir kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk i stor grad.

Kommunen opplyser om at det føreligg rammeavtalar på mange av områda i forbindelse med innkjøpssamarbeidet med Ålesund, og det er eigen ressurs på området i Sula (Oppstartsmøte). Unntaket frå dette er innanfor teknisk sektor der Sula i hovudsak inngår egne avtalar (Intervju).

Økonomiansvarleg i kommunen opplyser om at bestillingar «lokalt» på einingane blir i hovudsak gjort via Visma eHandel. Einingsleiar skal lære opp nyttilsette i bruken, og innkjøpsansvarleg i kommunen bidreg ved behov. Sula kommune har planer om å utarbeide en ny strategi for anskaffing, og det opplysast at det truleg vil bli meir fokus på berekraft grunna tildelingskriteriet miljø innan anskaffingar (Intervju).

Det visast til innkjøpspolitikk i årsmelding for 2023, og hovudprinsipp for eigarstrategi vart revidert og vedtatt i kommunestyret 25.03.2021, eigarskapsmelding ble vedteke i 2024. I § 2 for felles retningslinjer opplysast det om interkommunalt innkjøpssamarbeid der Sula kommune skal delta i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre i følgje eigen avtale mellom kommunen og Ålesund kommune. Sula kommune skal stå fritt til å delta i den enkelte konkurransen som blir gjennomført i regi av innkjøpssamarbeidet. Kommunane i innkjøpssamarbeidet skal ha tilnærma lik innkjøpspolitikk, slik at innkjøpa skal kunne gjennomførast i tråd med innkjøpspolitikken til alle kommunane som deltek i samarbeidet

Våre vurderingar

Offentlege innkjøp er en kompleks oppgåve for kommunar. Mange tilsette er involvert, det er store summer involvert og det er strenge reglar. Kommunen er deltakar i det interkommunale innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. Funn i forvaltningsrevisjon av innkjøp og offentlege anskaffingar i 2021 viste at nokon forbettringspunkt, men at kommunen i stor grad har god kontroll på innkjøpsområdet. Tydeleg ansvarsfordeling er vesentleg for å sikre tilstrekkeleg kontroll ved offentlege anskaffingar, som kan bli betre gjennom ny strategi for anskaffing, som det føreligg planar om. Ein slik strategi kan òg betre det miljømessige omkring innkjøp. På grunn av at dette er et generelt vesentleg risikoområde, men at vi ikkje har funn som seier at dette området har høg risiko, vurderer vi samlet risiko- og vesentlighet for området som M.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Innkjøp og offentlege anskaffingar blir ikkje gjennomført og følgt opp i tråd med regelverket.	Det er god innkjøpsfagleg kompetanse i organisasjonen. Kommunen planlegg ny strategi for offentlege anskaffingar. Funn frå forvaltningsrevisjon avdekka punkt til forbetring på området.	Tap av verdiar, tillit og omdømme. Manglande berekraft. Korrupsjon, arbeidslivs-kriminalitet og kameraderi.	M	H	M

Aktuell forvaltningsrevisjon kan være: Innkjøp og offentlege anskaffingar.

3.4 TENESTEYTING OG MYNDIGHETSUTØVELSE

KLART SPRÅK

Med språklova som gjeld frå 1.1.2022, har offentlege organ plikt til å bruke klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa. I media har det den siste tida vore søkjelys på at innbyggjarar kan ha utfordringar med å forstå offentlege vedtak og den informasjon som blir gitt dem. Med stadig mindre kundekontakt, er klart og godt språk viktig for innbyggjaren. Alle kommunar skal ha en tilgjengelighetserklæring for universell utforming av IKT.

Moglege risikofaktorar

- Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa
- Risiko for bruker
- Kommunen har ikkje eit klart og brukarvennleg språk
- Ressursar blir brukt uhensiktsmessig

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Frå 1. februar 2023 er alle norske kommunar pålagt å følge en tilgjengelighetserklæring for universell utforming av IKT. Uutilsynet arrangerer gratis webinarer og møter for å rettleie kommunane gjennom krava i erklæringa (Uutilsynet.no).

På sula.kommune.no brukast det løysingar der dei ikkje har moglegheit til å leggje tilgjengelegheitserklæringa direkte på nettsida. Kommunen har difor laga ei samla oversikt på nettstaden. Der ligg det tilgjengelegheitserklæring, kontaktinformasjon til ansvarlege og moglegheit til melde inn feil.

Kommunens mål er at sula.kommune.no skal følge krava i Web Content Accessibility Guidelines (WCAG 2.1). Krava i universell utformingsregelverket gjeld for nettløysingar. Krava er deler av standarden Web Content Accessibility Guidelines (WCAG). Sula viser til at det arbeidast kontinuerleg med å forbetre brukaropplevinga, med prioriterte mål i 2023 på nettsida. Mellom anna arbeidast det med tilpassa språkleg informasjon og universell utforming (Uutilsynet.no, sula.kommune.no).

Heimesidene til Sula kommune går fram som informativ og open, og kommunen skårar godt på Openheits-barometeret for 2023.

Det iverksett nye digitale løysningar som chatbot og kommunevert med mål om å betra servicen til Sula kommune sine innbyggjarar. Dette systemet er ikkje fullt ut funksjonelt enda, annet enn for enkelte einingar. De nemnde løysningane har eit mål om effektivisering av kommunikasjon med innbyggjarane (Sula.kommune.no).

Våre vurderingar

Basert på en heilskapleg vurdering av dei enkelte risikoane, anses klart språk i kommunen som vesentleg. Dette understrekar behovet for fortsett innsats og oppfølging for å minimere risikoen og sikre effektiv implementering av klarspråklege tiltak som kommunen ser ut til å ha oversikt over. Vi vurderer derfor risikonivå for området som låg.

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Kommunen har ikkje et klart og brukarvennleg språk Informasjon og vedtak er ikkje tilpassa målgruppa	Kommunen har planar om ein kommunikasjonsstrategi. Det arbeidast kontinuerleg med klart språk i kommunen. Gitt at kommunen greier å være tydeleg i sin kommunikasjon med brukaren, reduserer det unødvendig belastning på både bruker og tilsette.	Informasjon og vedtak blir ikkje forstått Ikkje effektiv ressursbruk. Mindre tillit til forvaltninga.	L	M	L 

PERSONALFORVALTNING

Mange kommunar har utfordringar med å rekruttere og få tak i riktig kompetanse. Kommunar har utfordringar med å **rekruttere** helsepersonell, særleg sjukepleiarar og legar. Mange kommunar har utfordring med å rekruttere psykolog og vernepleiarar (Helsedirektoratet 2021). For å kunne halde fram med å gje gode teneste, må kommunen ta i bruk teknologi og nye måtar å jobbe på. **Omstillingsarbeidet** må være systematisk, strategisk og målretta (Statsforvaltaren 2023).

Det legemeldte **sjukefråværet** i 4. kvartal 2022 er 5,7 prosent i Norge (NAV). Kvinner har høgare sjukefråvær enn menn. Korona pregar sjukefråværet enno, som er høgare enn før pandemien. Vi ser at høgt sjukefråvær og stort arbeidspress kan utfordre **arbeidsmiljøet**.

Moglege risikofaktorar

- Mangel på kvalifisert arbeidskraft
- Nok og riktig kompetanse og ressursar
- Auka krav til fagutdanning
- Omstillingsarbeid
- Mangelfull organisering og leiing
- Lite søkjelys på arbeidsmiljø
- Manglande førebygging
- Manglande oppfølging og tilrettelegging
- Høgt sjukefråvær
- Manglande kunnskap om kva som aukar sjukefråværet påverkar moglegheita for tiltak
- Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande
- Storleiken til kommunen gjer den sårbar.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplýsingar frá kommunen

Sjukefráværet i kommunen er på 8,65% (Årsrapport 2023). Sjukefráværet er lågare enn tidlegare år, og er ulikt frå eining til eining (Intervju).

Det vart gjennomført ein medarbeidarundersøking i 2021 og iverksett tilhøyrande tiltak, og dette arbeidet har fortsett. Det er igangsett kompetansehevande samlingar for leiarar/verneombod og tillitsvalde i regi av NAV arbeidslivsenter kurs i Førebygging og oppfølging av sjukefrávær i 2023. Arbeidsmiljøutvalet viser til at dei fleste saker som omhandlar arbeidsmiljøet blir løyst på arbeidsplassen og av den grunn er det få saker som kjem opp i utvalet. Det er inngått ny avtale gjennom innkjøpssamarbeidet for bedriftshelseteneste, Avonova (Årsmelding 2022).

Sula kommune jobbar mot å etablere ein heiltidskultur, og arbeider kontinuerleg med å redusere andelen av ufrivillig deltidstilsette. (Årsmelding 2023).

Kommunen opplyser at de valde å styrke personalavdelinga i fjor etter ei omorganisering på området, der det etter kvart ble tilsett ein HR-leder. Ny struktur sjåast på frå kommunen si side som vesentleg for å være ein attraktiv arbeidsplass både no og framover. Omorganiseringa skal i tillegg til attraktiviteten bidra til et trygt og forsvarleg arbeidsmiljø (Oppstartsmøte).

Når det kjem til rekruttering kjem det fram frå spørjeundersøkinga at det er sett i verk tiltak for å rekruttere riktig kompetanse i Sula, og dette kan ha samanheng med at fleire einingsleiar viser til at eininga deira er sårbar ved frávær. Det jobbast òg aktivt med organisering for å redusere denne sårbarheita (Spørjeundersøking). Sula kommune planlegg å gjennomføre medarbeiderundersøking i utgangen av 2024.

Kommunen har fleire større politiske saker i kommunen som rapporterast om kan påverke arbeidsforholdet til involverte einingar og tilsette. Det visast og til at det og kan vera utfordrande å skaffe rett kompetanse til disse avdelingane, deriblant ingeniørar. Det er nyleg utarbeida ein ny organisasjonsstrategi for kommunen (Intervju/faktasjekk).

Våre vurderingar

Personalforvaltning er eit område der vesentlegheit vurderast ut frå fleire perspektiv. Desse er særleg knytt til økonomi og tilsette. Kommunen slit med nok og riktig kompetanse på einskilte område, og er sårbare ved frávær av enkelttilsette. Sula kommune har tatt grep ved å tilsette ny leder på HR for styrke dette feltet i kommunen. Det er og satt i verk pilotprosjekt med førebygging og oppfølging av sjukefráværet. Sjukefráværet er samtidig høgt i kommunen, sjølv statistikken går nedover. Kommunen verker til å jobbe både strategisk og langsiktig for å hindre mangel på kvalifisert arbeidskraft. Vi meiner dette er eit område med generelt høg risiko. Vi vurderer derfor samla risiko- og vesentleg for området som høg til middels.

Tabellen viser vår vurdering av risiko- og vesentlege for området personalforvaltning:

Risikofaktor	Grunngjeving for nivå på sannsyn	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risikonivå
Nok og riktig kompetanse og ressursar Høgt sjukefråvær Arbeidsmiljøet er ikkje tilfredsstillande Omstillingsarbeid	Kommunen har hatt utfordringar med å skaffe kvalifisert personell i fleire stillingar Kommunen har søkelys på å få ned sjukefråværet, gjennom bl.a. prosjekt Kommunen har et høgare sjukefråvær enn ynskja	Mangel på nok og riktig kompetanse kan auke risikoen for kvaliteten på tenestene.	M	H	M-H 

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere:

- Sjukefråvær
- Rekruttering
- Personalforvaltning og omstilling

OPPVEKST

Ungt utanforskap, fråfall i vidaregåande skule og fleire unge uføre er aukande i Norge i dag. Auke av psykisk lidningar blant unge er ein driver for denne utviklinga (KS 2022:47).

Statsforvaltaren ventar at kommunane **styrkjer det helsefremjande og førebyggjande** arbeidet for barn, unge og deira familiar, inkluderer tilbodet til gravide, gjennom helsestasjon- og skulehelsetenesta, at kommunane satsar på **lågterskel psykisk helsehjelp**, slik at ein kan få rask hjelp utan henvising, og at kommunane gir alle barn og unge som blir viste til psykisk helsevern tilbod om vurderingssamtale (forventningsbrev for 2023).

I rapporten «**Tidleg innsats**, tidleg i livet» (KS) trekkes kommunikasjon, samarbeid og samhandling mellom tenestene fram som viktige kriterium. Godt **tverrfagleg samarbeid**, og kunnskap om andre tenestetilbod er viktig for å komme tidleg på banen. Barnehagen blir omtalt som spesielt viktig i arbeidet med tidleg innsats.

Moglege risikofaktorar

- Tidleg innsats fungerer ikkje tilstrekkeleg
- Ressursmangel
- Nye kompetansekrav i skule og barnehage blir ikkje følgt opp
- Utilfredsstillande internkontrollrutinar
- Manglande risikovurdering
- Mangelfulle rutinar for overgangar
- Manglande førebyggingsarbeid
- Mangelfulle rutinar for å fange opp barns ulike behov o Ikkje tilpassa undervisning
- Mangelfull eller feil gjennomføring av aktivitetsplikta
- Mangelfulle rutinar for å skape eit inkluderande miljø
- Ungt utanforskap
- Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande
- Spesialundervisning/ tilrettelagt undervisning fungerer ikkje tilfredsstillande
- Uklare forventningar mellom skule-heim
- Mangelfull medverknad
- Mangelfullt tverrfagleg samarbeid
- Utilstrekkeleg bistand frå PPT
- Mangelfull oppfølging av barnehage

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Desse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar frå kommunen

Det kjem frem i årsmeldinga at det har vært et meirforbruk i 2023 på 3,1 millionar på kultur og oppvekst (Årsmelding 2023).

Skulestrukturen i Sula vart endra i 2022 då Måseide og Fiskarstrand skule blei slått saman til Rørstadmarka skule. I Sula er det no Langevåg Solevåg og Rørstadmarka skule samt Sula ungdomskule. I tillegg til vaksenopplæring, kulturskule og SFO. Av barnehagar er det fire kommunale og fire private barnehagar i kommunen (Sula.kommune.no).

Kommunen peikar sjølve på utfordringar som handlar om at det er aukande utanforskap, og at det kan være krevjande og halde oppe kvaliteten i tenestene. Kommunen har mye fokus på kva som skjer i denne sektoren, både lokalt men òg dei nasjonale trendane (Oppstartsmøte).

Frå fylkesstatistikken visast det at Sula kommune ligg omtrent på landsgjennomsnittet då det kjem til spesialundervisning i grunnskulen for 2022. På grunnskulepoeng legger Sula seg ca. på gjennomsnittet i Møre og Romsdal fylke. Sula har og hatt ein liten auke i elevtal både for barne og ungdomskulane i kommunen (Fylkesstatistikken).

Oppvekstprofilen frå folkehelseinstituttet viser på tema levekår at Sula gjer det betre enn landsgjennomsnittet. På områdene barnehage, skole, fritid og nærmiljø, helse og helseåtfærd er Sula ikkje signifikant ulik frå landet som heilheit. Bortsett frå på indikatoren for søvnproblem ligg Sula dårlegare an enn landet som heilheit (Oppvekstprofil).

Oppvekstrapporten for 2022 vart behandla i kommunestyre i sak 52/23. I rapporten visast det til knappe økonomiske rammer i sektoren i Sula. Det blir framheva at det er særleg merkbart i skule, PPT og barnevern. Saksmengda per tilsett innan PPT og barnevern er høg. Dette kan innebære risiko over tid når det kjem til slitasje på personale. Helsestasjon opplysast at innfrir normkravet til skulehelsetenesta i kommunen.

Kommunen opplyser om at lærarnormen med knappast mogleg margin blir oppfylt men påpeikar samstundes at det jamt over er fleire elevar per lærar enn i samanliknbare skular i

regionen. Men gitt rammene dei har i Sula for oppvekst, visast det at elevar samt foreldre/føresette i skular og barnehagar er jamt over godt tilfredse med tilbodet dei får (Oppvekstrapport 2022).

Det vart gjennomført ein forvaltningsrevisjon om tidleg innsats og spesialundervisning i 2022. Hovudtrekka i rapporten peiker i retning mot at dei er i tråd med anbefalingane på området. Det blir kontinuerleg vurdert elevanes utbytte av undervisning og satt i verk tiltak ved behov. Når det kjem til saksgangen i spesialundervisning vises det til god saksbehandling men i tillegg til enkelte manglar. Spesielt gjeld det omsyn til barnets synspunkt i saker. Dette var under forbetring i 2022. Det ble også i revisjonsrapporten påpekt forbetrimoglegheiter ved oppdatering av malar for vedtak og rutinar på området.

I faktasjekk med kommunen, blir det opplyst at Sula har gjennomført to dagars kurs for oppvekstsektoren i «Barnets stemme» og «Barnets beste» november 2023 og januar 2024 som ein del av forbetringstiltak etter forvaltningsrevisjonen i 2022. Kommunen deltek i Kompetanseløftet i regi av Udir.

Våre vurderingar

Kommunen har på slik vi vurderer det implementert planlegging og tiltak for å støtte oppvekstsektoren, inkludert god lærartettleik og oppfyljing av bemanningsnorma i barnehagar, som er indikatorar på et godt grunnlag for kvalitet i utdanning og omsorg for barn og unge. Vi vurderer at oppvekstsektoren ikkje har høy risiko innanfor oppsette moglege risikofaktorar. Kommunen kommer middels godt ut innanfor skole og barnehage i kommunebarometeret. Av vesentlege områder, finner vi at oppvekstsektoren vil ha utfordringar med å holde økonomisk ramme. Disse utfordringane kan signalisere potensielle svakheiter i systemet som kan hindre kommunen i å nå sine mål om høy kvalitet på tenester for barn og unge. Sjølv om kommunen har tatt viktige skritt for å ta tak i disse utfordringane, kan kommunens evne til kontinuerleg forbetring og tilpassing være avgjerande for å redusere risikonivået over tid. Vi vurderer derfor risikonivået for området som middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for om sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i oppvekstsektoren er ikkje tilfredsstillande. Saksmengda per tilsett.	Vi har ikkje data som tilseier at risikoen for manglande måloppnåing er vesentleg mindre for Sula enn for andre kommunar i Norge.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	M	M	M
Manglande førebyggingsarbeid	Eininga har hatt utfordringar med å holde den økonomiske ramma i 2023.	Elevane og barna får ikkje den oppfølginga eller undervisninga de har krav på.			
Mangelfullt tverrfagleg samarbeid	Ved fleire skoler har det vært behov for tettare oppfølging enn tidlegare.	Det blir brukt meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunens omdømme.			

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere: Økonomiske rammer, kvalitet, bemanning

BARNEVERN

Barns rett til **medverknad** blir ikkje godt nok ivareteke, sjølv om barn har tydelege rettar i lowerket. Det omfattar mellom anna mangel på informasjon, at dei ikkje trygt får sagt det dei ønskjer og mangel på klagetilgang. Det er også dokumentert relativt omfattande manglar ved barn sin **rett til god og forsvarleg hjelp** på ein rekkje område og at mange barn opplev flytting og ustabilitet i sin omsorgssituasjon. Det er vidare påvist utfordringar ved barnevernstenesta sine **undersøkingar. Rammene** for barnevernstenesta ser ut til å vanskeleg for små distriktskommunar. Etter utvalet si vurdering er føresetnadene for å levere gode barnevernsteneste dårlegare jo mindre barnevernstenesta er (NOU 2023:7:17).

Det har dei siste ti åra blitt gjennomført ein rekkje reformer og endringar i barnevernet på bakgrunn av svikt og utfordringar med kvalitet, særleg i det kommunale barnevernet (NOU 2023:7). Den **nye barnevernslova** frå 1.1.2023 skal gjere barnevernet enklare, meir brukarvennleg og betre tilpassa samfunnet i dag. Lova skal også bidra til auka vekt på førebyggjande arbeid og tidleg innsats.

Statsforvaltaren ventar at kommunane styrkar arbeidet med **tidleg innsats** og førebygging, at det blir utarbeida ein **førebyggingsplan** mot omsorgssvikt og åtferdsproblem, og at kommunen arbeider for å gjenforene barn og foreldre etter omsorgsovertaking. Det er venta at kommunane følger opp regjeringa si pågåande **kompetansesatsing** for perioden 2018-2024 og legg til rette for å oppfylle kompetansekrava i den nye barnevernslova (Forventningsbrev 2023).

Moglege risikofaktorar

- Pressa ressursituasjon
- Tilsetting
- Kompetansekrav blir ikkje følgt opp
- Feil i sakshandsaminga
- Manglande retningslinjer og rutinar
- Manglande medverknad
- Lite eller dårleg samhandling mellom tenesta og andre aktørar
- Svak internkontroll
- Press frå omverda
- Tilstandsrapport blir ikkje utarbeida (og lagt frem for kommunestyret)
- Førebyggingsplan blir ikkje vedteke av kommunestyret
- Rekruttering av fosterheim
- Kvaliteten i barnevernstenesta er ikkje tilfredsstillande

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Disse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Fagområde barnevern har 10.75 årsverk og er innan Tiltakseining for barn og unge (TBU) i kommunen. Kommunen er en del av interkommunal barnevernsvakt for Sunnmøre, med Ålesund som vertskommune. Ifølge statistisk sentralbyrå sin oversikt over barn med undersøking eller tiltak per årsverk ligger Sula kommune på 17,4 for 2022. (SSB.no) Kommuneleiinga opplyser i faktasjekken at området barnevern blei styrka med 1,3 årsverk frå 2023 og antall saker per kontaktperson er lågare no enn i 2022.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn som en del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn i perioden 16.02.2021 til 18.02.2021. Tilsynet omfatta Sula kommune. Tilsynet avdekte nokre lovbrott ved barnets beste vurdering og undersøkingane var av varierende omfang, frå for omfattande til ikkje grundige nok i den einskilde sak (Tilsynsrapport).

Det føreligg revisjonsrapport frå barnevernstenesta i 2022, der fokuset var på oppfølginga av barn i hjelpetiltak omsorgstiltak og ettervernstiltak. Det ble vist til i rapporten at barnevernstenestene i Sula kommune opplever et stort arbeidspress og kapasitetsutfordringar som kan påverke lovpålagte oppgåver. Det ble samtidig vist til at det blir utført mykje godt arbeid og tal på tilsette på området er få i forhold til andre kommunar i fylket. Det ble i forbindelse med revisjonsrapporten frå 2022, vist til at statsforvaltars tilsyn sine merknadar var blitt implementert og etterlevd.

Tilstandsrapport blir framlagt årleg på feltet, sist i 2023. Det er malar, rutinar og retningslinjer på området, og det arbeidast med vidareutvikling og oppdatering kontinuerleg. Tilstandsrapporten synar at barnevernstenesta i Sula har hatt ei positiv utvikling på fleire områder, samtidig er det store utfordringar - særleg knytt opp mot kompleksitet i saksarbeidet og kapasitet til å følge opp alle lovpålagte oppgåver.

Det er no utvida tiltakstemaet frå 2 til 3 kontaktpersonar, saman med 2 familie/fosterheimsrettleiarar, med hensikt å få barnevernstenesta til å vere tettare på barna og familiene. Sula kommune har pågåande en BTI-satsing som barnevernet er ein del av (Tilstandsrapport barnevern 2023).

Ifølge BUFDIR sin kommunemonitor skil ikkje Sula seg spesielt ut samanlikna med gjennomsnittet i resten av fylket, det er nokre indikatorar som er forskjellige, barn med hjelpetiltak i heimen av alle born med tiltak 0-17 år og fosterheimstiltak i familie og nære nettverk for 2022 ligger Sula godt under gjennomsnittet for fylket (BUFDIR kommunemonitor). Kommunen har opplyst at barnevernet i Sula har ikkje rapportert til SSB for 2023 på grunn av overgang til nytt fagsystem og tal kan ha endra seg.

Barnevernstenesta i Sula kommune er rangert som nummer 201 innan sektoren. I gjennomsnitt er 4,18% av barna omfatta av tiltak i Norge, i Sula er andelen på 3,21%. 90% av barnevernsundersøkingar i kommunen ble gjennomført innan tre månader i 2022, omlag på same nivå som landsgjennomsnittet. Bemanninga i barnevernet er litt lågare i Sula med fagutdanna på 3,6 stillingar per 1000 mindreårige, som gir en plassering som nummer 336 i landet. Antal saker per årsverk er 16,9 i Sula, et tall meir på nasjonalt gjennomsnitt (17,40). Andel av barna under omsorg i Sula kommune som har hatt en omsorgsplan målt over ei fireårsperiode er på 94%. Det er ikkje føreteke brukarundersøking dei 4 siste åra ifylgje barometeret (Kommunebarometeret 2023).

Sula kommune opplysa sjølve om mange barn under omsorg i kommunen, som det er fokus på. Kommunen er klar over at det finnes forbettringspunkt på tidleg innsats i Sula. Spesielt oppmerksame er kommunen rundt kor mange det er som har tunge tiltak i kommunen (Oppstartsmøte).

Våre vurderingar

Tenesta har hatt tilsyn både frå statsforvaltar og gjennom forvaltningsrevisjon dei siste åra. Kommunen framstår bevisst om utfordringar i sektoren. Rapportane vist og til mykje godt arbeid i tenesta. Det er likevel identifisert risikofaktorar som kan ha konsekvensar for tenestekvaliteten og barns velferd. Dette inkluderer spesielt presset ressursituasjon og kapasitet, og utfordringar med å oppfylle krav til planar. Vi vurderer samla risiko- og vesentlegnivå til middels.

Risikofaktor	Grunngjeving for om sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande	Tenestene har et høgt sjukefråvær.	Førebyggjande arbeid og tidleg innsats nedprioriterast.	M	H	M
Saksmengda per tilsett.	Tenestene har utfordringar med å skaffe kvalifiserte vikarar.	Innbyggjarane får ikkje de barneverns-tenestene de har krav på.			
Presset ressursituasjon og bemanning	Andel fristbrot er vesentleg redusert.	Mangel på kontroll			
	Tenestene hadde i 2021/22 tilsyn frå Statsforvaltaren og lovstridig praksis er endra. Det var forvaltningsrevisjon på området i 2022.				

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan være: Førebyggjande arbeid og tidleg innsats i barnevernstenestene.

HELSE OG OMSORG

Det er venta at kommunane styrker sitt arbeid innan **psykisk helse**. Målet er at dei som må ha psykisk helsehjelp skal få god og lett tilgjengeleg hjelp, særleg barn og unge. Det er også varsla ein førebyggings- og behandlingsreform for **rusfeltet** hausten 2023 (Statsforvaltaren 2023).

Som følge av at aldersgrupper med behov for omsorgstenester aukar mykje kraftigare enn befolkninga i arbeidsdyktig alder, må kommunane jobbe mot meir heimebasert omsorg og bruk av velferdsteknologi (KS 2023).

Moglege risikofaktorar

- Manglande ressursar
- Framtidig press på tenesta
- Manglande samordna planlegging
- Endring i organisasjonen
- Manglande bruk av velferdsteknologi
- Manglande digitalisering o Helseplattforma, journalføring

- Manglar i helsefremmande og førebyggjande arbeid
- Manglande rutinar og retningslinjer
- Uklart ansvar mellom ulike forvaltningsnivå og einingar
- Manglande koordinering av ulike teneste
- Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande
- Utfordringar med omstilling

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Disse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Helse og mestring har eit meirforbruk i 2023 på 16,8 mill. kroner. I årsmeldinga vises at dersom det korrigerast for meirinntekt knytt til ressurskrevjande brukarar samt for meirforbruket på integreringstenesta på 3,8 mill. så har Helse og mestring eit meirforbruk i 2023 på ca. 8 mill. (Årsmelding 2023)

Sula kommune har ein helse og omsorgsplan for perioden 2021-2025, som ble vedtatt i kommunestyret i sak 80/21. Helse og omsorgsplanen: Meistring og tryggleik gjennom førebygging, rehabilitering og omsorg. I planen er intensjonen at tiltaka som ligg i planen er førande for vidare utvikling av tenestene. (Kommunestyre sak 80/21)

Sula har og en egen handlingsplan for folkehelsearbeidet i 2023, der målsettinga er: Å styrke det førebyggjande og helsefremmande arbeidet i kommunen, særleg mellom barn og ungdommar - der vi vil tilskunde til meir fysisk aktivitet, rett kosthald og sunne haldningar i forhold til å ta vare på si eiga helse. Planen relaterast til FN`s berekraftsmål nr 3 og 17 (Handlingsplan for folkehelse 2023)

Folkehelseprofilen for Sula kommune syner andelen unge eldre (65-79 år) i kommunen er lågare enn i landet som heilheit. Andel personar over 75 år som bor aleine er noko lågare i Sula enn i landet som heilheit. (Folkehelseprofilen 2024)

Kommunebarometeret 2023 syner at Sula kommune landar på 219. plass av 356 kommunar innanfor pleie og omsorg, og at helse ligger på 114. plass. 50 % av bebuarane på sjukeheimen i kommunen har omfattande pleiebehov. Bebuarar ved sjukeheimen har noko meir tid med lege og spesielt med fysioterapeut samanlikna med snittet i landet.

Det anslås at 4 av 5 over 80 år på sjukeheim har ein grad av demens. Det går ikkje fram av kommunebarometeret kor mange av de heimebuande med demens i kommunen som har tilbod om dagaktivitet. I Sula er det 2,48 årsverk med geriatrisk sjukepleiar per 1 000 innbyggjar over 80 år. Målt mot folketalet er det 5,4 psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar i Sula kommune. Alle sjukeheimplassane har eige rom med bad/WC.

Legeårsverk i kommunen pr 10 000 innbyggjar er 10,4, samanlikna med 12,4 i resten av landet utan Oslo, hele landet samla er på 12,1 ifølge SSB sine kostra-tall. (SSB.no) (Kommunebarometeret)

Kommunen opplysa om en har uvanleg profil på sine helsetenester, der Sula berre har kortidsplassar. Leiinga i kommunen er klar over at dei lyt omstille seg i åra framover, da spesielt

innan demensomsorg. Di demografiske endringane i kommunen gjer dette nødvendig.
(Oppstartsmøte)

Sula er nøgde med rekruttering innan fastlegar, og har stabil bemanning på dette området. Denne situasjonen er kommunen svært nøgde med, i tillegg blir det trekt fram heimesjukepleia som eit godt område kommunen. Sula har i likheit med andre kommunar nokre utfordringar med rekruttering innan helse som kommunen no testar med andre variantar av arbeidstidsordningar, blant anna langturnus for økt attraktivitet. Det opplysast om det skal og aukast med ei fysioterapistilling i kommunen innan utgangen av august 2024 (Oppstartsmøte).

I spørjeundersøkinga gjer politikarar tilbakemelding på at pleie- og omsorg er eit område med utfordringar.

Vår vurdering

Mangel på hender gjer at kommunen må omstille seg. Kommunen er nøgde med rekruttering innan helse på nokre område, som redusera risiko på spesifikke helseområde som eksempelvis legebemanning. Det pågår allereie tenestevridning, og det blir meir av det framover. Gode prosesser vil her være viktig. En forvaltningsrevisjon som ser på korleis kommunen praktiserer en omstilling kan være aktuelt. Vi vurderer samla risiko- og vesentlege for området som M-H.

Risikofaktor	Grunngjeving for om sannsyn inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	Risiko-nivå
Kvaliteten i helse- og omsorgstenesta er ikkje tilfredsstillande.	Høgt sjukefråvær. Kommunen har ikkje nok ressursar	Innbyggjarane får ikkje de tenester de har krav på.	M-H	H	M-H
Manglande ressursar	Tenestevridning	Kan gå ut over kvaliteten på tenesta			
Utfordringar med omstilling	Kommunen har lagt ned sjukeheimsplassar, noko som fører til meir press på heimetenesta				
Framtidig press på tenesta	Risikovurdering er ikkje gjennomført				

Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon kan vere:

- Omstillingsprosessar
- Kvalitet på helse- og omsorgstenesta

BEKJEMPING AV FATTIGDOM

I Møre og Romsdal bur det 4 500 barn i familiar med vedvarande låg inntekt, noko som er tett på ti prosent av barna i fylket. Andel av slik hushaldning er aukande nasjonalt. **Tidleg innsats** er viktig for å førebyggje sosiale problem og vedvarande stigmatisering av barn og unge som veks opp i vanskelegstilte familiar. Å bu trongt seier noko om dei økonomiske og materielle føresetnadane for gode levekår, og den aukar i låginntektsfamiliar (KS 2022). I innvandrarbefolkninga er det fleire arbeidsledige enn i befolkningen for øvrig, og gjennomsnittleg månadsløn er lågare i denne gruppen (KS og SSB.no).

Moglege risikofaktorar

- Aukande fattigdom i kommunen
- Fattigdom blir ikkje oppdaga
- Manglande ressursar
- Manglande kompetanse
- Mangel på overordna strategi
- Utilstrekkelig oppfølging av vedtak og prioritering på området
- Utilstrekkelig samarbeid og koordinering av teneste
- Mangelfull opplysning, råd og rettleiing
- Lite føreseieleg tal flyktningar
- Manglande integrering
- Variert målgruppe vs. individuell tilpassing.

Med bakgrunn i opplysningar om kommunen vurderer vi eit utval av nemnte risikofaktorar. Disse blir presentert i risikotabellen under.

Opplysningar om kommunen

Kommunen har utarbeidd en bustadsosial handlingsplan frå 2018. Kommunen har identifisert at dei vanskelegstilte i bustadmarknaden finns i alderskategoriane 20-39 år, med denne aldersgruppa vil ikkje vekse stort dei næraste 10 åra, og heller ikkje fram mot 2040 i særleg grad ifølge planen. Utifrå ei slik demografisk betraktning vil gruppa vanskelegstilte på bustadmarknaden halde seg stabil i åra framover. (Bustadsosial handlingsplan).

I planen som er som baserer seg på 2018 tall kommer det frem at Sula kommune disponerer for tida 196 bustader, inkl. omsorgsbustader. Av desse eig kommunen 166. Hausten 2018 er det ca. 10 personar på venteliste. Andel på sosialhjelp i kommunen er på 1,99 % av de over 25 år samanlikna med landsgjennomsnittet på 3,75%. (Kommunebarometeret 2023).

Andelen av barn med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, har økt mye de siste årene. Nasjonalt har andelen auka frå 80,3 i 2017 til 86,2 prosent i 2022. I Sula går 87 prosent av barna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølge tallane.

I kommunebarometeret kan man sjå at Sula kommune har eit bra samla resultat for indikatorane på sosiale tenester. Sula kommune gjer det best i fylket og 6 best i landet på indikatoren totalt sett for sosiale tenester. (Kommunebarometeret 2023).

